

Saksbehandlar: Frode Kristian Grøtnebø, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 17/8190-8

Oppseing av avtalane om kjøp av PP-tenester

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert vidareførte slik at avtalane er gyldige til 31.12.2019.
2. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert sagt opp frå 01.01.2020.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

PP-tenesta i Sogn og Fjordane var fram til 2004 i hovudsak organisert gjennom interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27. Ei endring i kommunelova gjorde då ei slik organisering krevjande. Etter forhandlingar med samarbeidskommunane vart dei interkommunale kontora nedlagde frå 1.01.2004, og dei tilsette overførte til kommunar eller fylkeskommunen etter vertskommunemodellen, der partane etter samarbeidsavtaler kunne kjøpe tenester. FT vedtok i sak 66/03 Organisering av PP-tenesta for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, frå same tidspunkt.

Den fylkeskommune fagressursen for PP-tenesta er pr. 10.09.18 slik:

PP-kontor	Fylkeskommunale fagressursar	Avtalen gjeld til	Samarbeidsavtalen gjeld tenester til	Eigar
PPT Flora	1,2 årsverk fagstilling	31.12.2018	Flora vidaregåande skule	Flora kommune
PPT Indre Sunnfjord	3 årsverk fagstilling	01.01.2019	Mo og Øyrane vidaregåande skule Hafstad vidaregåande skule Opplæring i bedrift for Sunnfjord	Førde kommune
PPT Gloppen	0,8 årsverk fagstilling	01.01.2018. Forlenga til 01.01.2019 i brev av 05.03.18	Firda vidaregåande skule	Fjaler kommune
PPT Stryn og Hornindal	0,5 årsverk fagstilling	01.08.2019	Stryn vidaregåande skule	Stryn kommune
PPT Indre Sogn	0,6 årsverk fagstilling	01.01.2018. Forlenga til 01.01.2019 i brev av 05.03.18	Årdal vidaregåande skule	Årdal kommune
Sogn PPT	2,5 årsverk fagstilling	01.01.2020	Sogndal vidaregåande skule Sogn jord- og hagebrukskule Opplæring i bedrift for Sogn	Sogndal kommune

PPT Ytre Sogn og Sunnfjord	0,6 årsverk fagstilling	01.08.2019	Dale vidaregåande skule Høyanger vidaregåande skule	Fjaler kommune
PPT Eid og Vågsøy	2,1 årsverk fagstilling	01.01.2019	Eid vidaregåande skule Måløy vidaregåande skule Opplæring i bedrift for Nordfjord	Sogn og Fjordane fylkeskommune

PP-tenestene i Sogn og Fjordane er organiserte som gjennomgåande tenester der vertskommunen er eigar. Berre PP-tenestene i Eid og Vågsøy er fylkeskommunalt eigde.

PP-tenestene for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Hordaland er organisert som ei ikkje gjennomgåande PP-teneste, eigd av Hordaland fylkeskommune. Prosjektleiaren for Vest-land fylkeskommune vil kome med ei tilråding til organisering av PP-tenestene for Vestland fylkeskommune i løpet av 2019.

Avtalane er utarbeidd med utgangspunkt i ein annan fylkes- og kommunestruktur enn det vi kjem til å ha etter 01.01.2020. Vestland fylkeskommune er då ein realitet, det same er Sunnfjord, Kinn, Stad og nye Sogndal kommune.

Fylkesrådmannen meiner difor at det i overgangen til nye strukturar er hensiktsmessig å for-lenge gjeldande avtalar, slik at elevane og lærlingane blir sikra gode tenester i overgangs-perioden. Avtalane må gjelde fram til ei eventuell ny organisering trer i kraft.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at avtalene våre blir forlenginga, men likevel sagde opp frå 01.01.2020.